

FOLKEHØGSKOLERÅDET

Norsk Folkehøgskolelag (NF) • Noregs Kristelege Folkehøgskolelag (NKF)

**Folkehøgskolene
Folkehøgskoleorganisasjonene
Folkehøgskolebladene**

**J.nr.192/08/rundskriv
FHSR-rundskriv 22/08
7. oktober 2008**

FORSLAG TIL STATSBUDSJETT 2009

Regjeringen Stoltenberg har lagt fram sitt forslag til statsbudsjett for 2009.
Den rød-grønne regjeringen legger fram et forslag hvor det samlede tilskuddet til folkehøgskolene er på kr. 619 078 000 som innebærer en økning på 4,4 % i forhold til 2008.

Folkehøgskolerådets egne beregninger viser et forventet tilskudd på litt i overkant av **632 millioner** kroner, en økning på 6,3 %.

Differansen på forventet tilskudd og foreslått tilskudd er på rundt 13 millioner kroner.

Folkehøgskolerådet vil komme tilbake til skolene med kommentarer og utregning av konsekvensene for den enkelte skole senere.

Med hilsen for Folkehøgskolerådet

Leon Haugsbø/s/
Leder

Odd Arild Netland /s/
sekretær

Vedlegg: Forslag til statsbudsjett for 2009 – kap. 253

Kap. 253 Folkehøgskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
70	Tilskott til folkehøgskolar	564 516	588 962	614 876
71	Tilskott til Folkehøgskolerådet	3 215	3 353	3 501
72	Tilskott til nordiske folkehøgskolar	643	671	701
	Sum kap. 253	568 374	592 986	619 078

Post 70 Tilskott til folkehøgskolar

Folkehøgskolane er eit supplement til den læringa som finn stad gjennom det ordinære utdanningssystemet og i arbeidslivet, jf. tredje sektormål om alternative læringsarenaer i kategoriinnleiinga over.

Under post 70 er det to tilskottsordningar. Tilskott til folkehøgskolar (76 skolar) skal medverke til at det kan bli etablert og drive folkehøgskolar. Tilskott til folkehøgskolar med stor del av funksjonshemma elevar (fire skolar) skal medverke til å dekkje meirutgifter skolane har til desse elevane. Nordnorsk Pensjonistskole og Norsk senter for seniorutvikling er godkjende som folkehøgskoleliknande tiltak, og får tilskott etter folkehøgskolelova.

Det er fastsett eit normtal for elevtalet ved den einskilde skolen. Elevtalet på langkurs har minka med 5,35 pst. frå 2006 til 2007. Talet på deltakarar på kortkurs viser ein nedgang på 2,57 pst. frå 2006 til 2007.

Tabell 4.11 Elevtal i folkehøgskolane 2003–07

År	2003	2004	2005	2006	2007
Elevar langkurs (vår og haust) (16,5–33 veker)	12 662	12 924	12 478	12 582	11 908
Elevar kortkurs (3 dagar–16 veker)	20 709	20 715	20 785	19 079	18 588
Sum elevar	33 371	33 639	33 263	31 661	30 496
Årselevar langkurs	6 331	6 358	6 422	6 407	6 130
Årselevar kortkurs	1 045	1 037	986	834	756
Sum årselevar	7 376	7 395	7 408	7 241	6 886
Sum godkjende årselevar / fastsett elevtal	7 245	7 339	7 345	7 215	6 879
Tilskottselevar	7 172	7 001	7 074	7 212	7 269

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Post 71 Tilskott til Folkehøgskolerådet

Tilskottet medverkar til at Folkehøgskolerådet kan ta hand om fellesoppgåver for folkehøgskolane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet. Vidare er det eit mål å medverke til at Folkehøgskolerådet kan fremme kunnskap om og utvikling innanfor skoleslaget. Rådet har i tråd med oppdrag i tilskottsbrevet gitt innstilling til fordeling av husleigetilskott, og har dessutan avlasta departementet og Utdanningsdirektoratet ved å gi råd og rettleiing til skolane.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Post 72 Tilskott til nordiske folkehøgskolar

Tilskottet medverkar til at det kan drivast nordisk folkehøgskoleverksemd. Tilskottet går til dekning av utgifter til norske lærarressursar ved Nordiska folkhögskolan i Kungälv og til norsk deltaking på kursa ved Den Nordiske Folkehøgskolen i Genève.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.